



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Komite for Helse og omsorg
Stad:	Herøy rådhus, Formannskapssalen
Dato:	11.12.2014
Tid:	13:00 – 15:30

Medlemer som møtte:

Fred Hansen	Leder	H
Hege Nedreberg Vestavik	Medlem	H
Karly Ingunn Teige	Medlem	FRP
Knut Tandberg	Medlem	H
Janita Iren Westbø Remøy	Nestleder	AP

Forfall:

Ole Brubakk	MEDL	KRF
Kaja Runde	MEDL	FOLK/SP

Varamedlemer som møtte:

Helge Håberg	Kaja Runde	KRF
--------------	------------	-----

Andre: Pleie- og omsorgsleiar Ragnhild Velsvik Berge
Eigedomsleiar Robert Myklebust
Bustadkonsulent Gry Dragsund Vike

Møtet var annonsert i Vestlandsnytt
Det møtte 5 medlemer og 1 vara, 1 mindre enn fulltallig.
Fred Hansen kom til møtet kl. 14:00 og gjekk kl. 15:10.
Helge Håberg kom til møtet kl. 13:40

Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vert valde: Hege Nedreberg Vestavik og Knut Tandberg.

Neste møte i komiteen vert 22. febr. 2015 kl 14:00 på Helsesenteret med synfaring på Helsesenteret i Ytre Herøy, på legesenteret ved kommuneoverlegen og helsestasjonen ved leiande helsesøster. Ber kommuneoverlegen gi innspel på tema lokalisering av nytt omsorgssenter. Ynskjer at eigedomsleiar førebur ei sak med oversikt over handlingsrommet på området.

12. februar 2015 vert det synfaring i Volda, Hatlane og ALV. Eigedomsløiar, pleie- og omsorgsløiar og vaktmeister Gunnar Roseth vert med frå administrasjonen.

underskrifter

Hege Nedreberg Vestavik

Fred Hansen

Knut Tandberg

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 47/14	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 48/14	Protokoll frå førre møte
PS 49/14	Referatsaker
	Referatsaker/drøftingssaker
RS 24/14	Kommunedelplan bustadpolitisk arbeid
RS 25/14	Oppfølging av temadagen den 04.12.2014 om det framtidige omsorgssenteret
RS 26/14	Reguleringsplan for Huldal aust - offentlig ettersyn
RS 27/14	Reguleringsplan gang- og sykkelveg Sandvika - Stokksundkrysset FV 10 - Offentleg ettersyn

PS 47/14 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Møtebehandling:

Karly Teige hadde merknad at i Vestlandsnytt var møtet annonsert med dato 10.12.014.

PS 48/14 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE

Møtebehandling:

Protokoll frå førre møte låg føre.

PS 49/14 REFERATSAKER

Møtebehandling:

Referatsak 26/14 og 27/14 vert tekne til vitande.
Slike saker bør kome til komiteen før enn til formannskapet.

Referatsak 24/14. Bustadsosial handlingsplan

Politikarane ynskjer kunnskap om kva vi har og kva vi treng. Ynskjer seg ein meir brukarvennleg plan. Kortare og meir konkret. Merker seg at det er behov innanfor rus og psykiatri.

Referatsak 25/14. Oppfølging av temadagen 04.12.2014

Ein givande dag. Kompetansegivande med tanke på fakta og diverse behov og synspunkt. Det var unisont det som var sagt om lokalisering og samling om Eggesbønes. Vi må vekk frå omgrepet sjukeheim og fokusere på at dette er eit kommunalt tilbod for alle aldersgrupper. Bør samle alle tilbod for heildøgns omsorg, og tenke etappevis utbygging (obs bustadsosial handlingsplan)

Viktige spørsmål:

Skal ein framleis ha ei todelt løysing

Kommunereform

Kompetanse/rekruttering

Driftsøkonomi, logistikk

Beredskap

Områdekvartetar

Myrvåg er eit godt bygg som bør brukast i mange år.

MØTET SLUTT!

